



## Retningslinjer for turar i regi av grunnskolen i Aukra kommune

Definisjon skoletur:

Ein skoletur er utanfor skolen sitt geografiske område. Den kan vare nokre timar, eller over fleire dagar. Kommunen er ansvarlege for alle turar i skolen sin regi.

Kommunen sitt ordensreglement gjeld for alle turar.

Turar i grunnskolen sin regi er ein del av opplæringa, og skal ha eit fagleg innhald. Turane skal vere forankra i Kunnskapsløftet og i opplæringslova med tilhøyrande forskrifter og rundskriv, samt skolane sine lokale læreplaner.

### 1. Gratisprinsippet

#### **Opplæringslova § 2-15:**

*Elevane har rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring. Kommunen kan ikkje krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med grunnskoleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skoletida, leirskoleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskoleopplæringa.*

- Turen skal gjelde for heile elevgruppa og føreset ikkje økonomisk bidrag og/eller dugnadsinnsats frå enkeltelevar eller føresette.
- Det skal ikkje vere krav til eleven om innkjøp av utstyr for å kunne delta på turen. I førebuingstida må ikkje elevar og føresette føle seg pressa til å bidra økonomisk. Dei som ønskjer å bidra, gjer dette til beste for fellesskapet.
- Eventuelle gåver skal handsamast anonymt.

### 2. Godkjenning av tur

- Rektor må godkjenne turar ut over ein skoledag og/eller turar som medfører kostnader.
- Rektor skal avslå tur om for mange elevar ikkje kan delta.
- Ein tur kan ha geografisk radius som inkluderer Møre og Romsdal, nabofylka og Oslo. Det kan gjerast unnatak frå hovudregelen om reisemål dersom turen har eit særskilt fagleg føremål og innhald. Det skal i slike tilfelle søkast rektor om særskilte løyve.
- Faglærer/kontaktlærer/rektor må sikre at alle punkt i retningslinene er ivareteke før godkjenning av tur.

### 3. Godtgjersle til lærarar og assistentar på turar med overnatting

- Lærarar og assistentar som deltek på skoletur med overnatting skal ha lønsgodtgjersle etter avtalefesta vilkår. Dei skal ha dekt reise- og opphaldsutgifter, jf. sentral generell særavtale sgs 1010.

Retningslinene gjeld frå 1. august 2014.